



ÅRSMELDING  
SETESDAL  
INTERKOMMUNALT  
POLITISK RÅD  
2021



## STYRELEIAR HAR ORDET

### I 2020 VART PROSESSEN MED UTARBEIDING AV NY STRATEGI FULLFØRD MED DESSE TRE STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDA:

- Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
- Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion
- Utvikle attraktive og livskraftige bygder

Arbeidet med strategiane vart følgd opp hausten 2021 med å lage ein handlingsplan for strategiane for perioden 2022 – 2025. Det vart formulert to satsingar for kvar strategi. Desse satsingane skal peike på og synleggjere regionen sine prioriteringar fram til 2025. Satsingane er så konkrete at dei kan evaluerast når planperioden er over. Handlingsprogrammet vart vedteke i desember 2021.

Skal me lukkast i å gjennomføre strategiplanen og nå dei måla me har satt oss, er me avhengige av å avsette ressursar og innhente eksterne løyvingar.

Agder fylkeskommune nyttar mykje ressursar til Visit Sørlandet, noko av desse ressursane burde omfordelast eller aukast slik at t.d også Visit Setesdal vart tilgodesett av Agder fylkeskommune. Det burde og vere mogleg for Visit Setesdal å bli medlem i Visit Sørlandet.

SIPR er nøgd med at vi 2021 fikk til eit samarbeid med Agder Fylkeskommune om at dei er med å finansierer kompetansesatsinga vår med kr 600.000,- i 2022 og halvt beløp 2021.

I SIPR er me nøgde med at arbeidet med regionplan Setesdal er komen i gang. Målet er at Agder fylkeskommune skal få ei meir medviten tilhøve til vår region og at dette skal medføre at vår region og synes i budsjetta til Agder fylkeskommune.

Setedalskonferansen var attende og i «ny form». Dette var særdeles vellykka.

Ein av føredragshaldarane var Victor Norman, leiar av demografiutvalet.

Utvalet tek opp mange interessante problemstillingar som:


- Korleis få til ein godt fungerande bustadmarknad i bygder der byggjekostnadane ofte er høgare enn bustadverdien?
- Korleis utvikle arealpolitikken i distrikta i eit land der arealtilhøva kring Oslofjorden vert lagd til grunn for arealpolitikken i distrikta. Der utfordringa er ganske annleis.
- Moglegheitane for høgare utdanning i distrikta. Her er desentralisert og fleksible utdanningstilbod for oss som bur og er etablera i distrikta særdeles viktige.

Ein lykkast ikkje å starte opp desentralisert sjukepleiarutdanning i 2021.

Universitetet i Agder har ei viktig rolle, og samarbeidet må vidareutviklast slik at ein lykkast betre ved seinare høve.

For å gjennomføre dei mål og satsinga me har satt oss føre i regionen treng me eit tett og godt samarbeid med Agder fylkeskommune og eit sterkt samhald i regionen.

Valle, mai 2022



Steinar Kyrvestad





# INNHALDSLISTE

|   |           |
|---|-----------|
| <b>STYRELEIAR HAR ORDET</b>   | <b>3</b>  |
| <b>STYREMELDING</b>   | <b>6</b>  |
| ARTEN OG INNHALDET VERKSEMDA  | 6         |
| FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET  | 6         |
| FRAMHALD AV DRIFTA  | 8         |
| ARBEIDSMILJØ  | 8         |
| LIKESTILLING OG MANGFALD  | 8         |
| ØKONOMI OG RESULTAT   | 8         |
| SAKSOMFANG  | 9         |
| GODKJENNING – ÅRSMELDING  | 9         |
| <b>ORGANISASJON</b>   | <b>13</b> |
| REPRESENTANTSKAP  | 13        |
| STYRE   | 14        |
| OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT  | 14        |
| KOMMUNEDIREKTØRANE I DEI  |           |
| SAMARBEIDANDE KOMMUNANE   | 14        |
| ORDFØRARUTVAL   | 14        |
| ADMINISTRASJON – KONTOR   | 14        |
| KOMMUNEDIREKTØRUTVALET  | 14        |
| <b>REGIONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING</b>                                      | <b>17</b> |
| <b>MARKNADSFØRE OG UTVIKLE SETESDAL</b>                                       |           |
| <b>SOM REISELIVSDESTINASJON</b>   | <b>18</b> |
| RISS-PROSJEKTET KULTURARVTURISME I SETESDAL                                   | 18        |
| <b>VIDAREUTVIKLE SETESDALSREGIONEN SOM</b>                                    |           |
| <b>EIN KOMPETANSEREGION</b>   | <b>20</b> |
| <b>UTVIKLE ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE BYGDER</b>                              | <b>22</b> |
| INFRASTRUKTUR   | 22        |
| UNGDOMSRÅD  | 23        |
| ARRANGEMENT   | 23        |
| <b>NÆRING</b>   | <b>24</b> |
| NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND   | 24        |
| <b>SETESDALSKONFERANSEN</b>   | <b>26</b> |
| <b>EIGARSKAP</b>  | <b>28</b> |
| <b>INTERKOMMUNALT SAMARBEID</b>   | <b>30</b> |
| REGIONALT POLITIRÅD   | 30        |
| TEMAMØTE OM KRYPSIV   | 30        |
| <b>PROSJEKT</b>   | <b>31</b> |
| PROSJEKT – MARA (MOBILITY AND ACCESABILITY<br>IN RURAL AREAS)/SETESDAL E-BIKE | 31        |
| SYKKEL I SETESDAL   | 33        |
| <b>INFORMASJON OG OPENHEIT</b>  | <b>35</b> |
| <b>ØKONOMI</b>  |           |
| BALANSEREKNESKAP  | 38        |
| DRIFTSREKNESKAP   | 40        |
| NOTER   | 42        |
| REVISORMELDING  | 52        |

# STYREMELDING

## ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal interkommunalt politisk råd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. I samband med ny kommunelov vart det vedteke at verksemda skal vere eit interkommunalt politisk råd, organisert i medhald av kap. 18 i ny kommunelov.

Setesdal IPR er eit sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Setesdal IPR sin visjon er Setesdal er Agder sitt grønne hjarta, og har som formål å utvikle Setesdalsregionen. Vårt hovudmål er levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde:

- 1 – Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
- 2 – Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion
- 3 – Utvikle attraktive og livskraftige bygder  
Ein skal også forvalte regionalt næringsfond gjennom eigne vedtekter vedteke av styret på ein slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane.

## FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd, vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

På ekstraordinært representantskapsmøte 19.06.19 handsama representantskapet sak om endring i samband med ny kommunelov. Det vart også vedteke at styret skal ha to faste styremedlemar og to varamedlemar frå kvar deltakarkommune. Ordførar og baa kjønn skal

| FORMÅL OG ROLLER   | RESSURSER OG MOGLEGHEITER  | VISJON OG HOVUDMÅL  | STRATEGIAR   |
|--|--|---|--|
| <p><b>FORMÅL:</b><br/>Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) har som formål å utvikle Setesdalsregionen</p>  | <p><b>REGIONENS FORTRINN:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Natur</li><li>• Kultur</li><li>• Rein energi</li></ul>       | <p><b>VISJON:</b><br/>Setesdal er Agder sitt grønne hjarte</p>                                      | <p><b>STRATEGI 1:</b><br/>Markedsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon</p> |
| <p><b>ROLLER:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Markedsføre regionen</li><li>• Vere ein pådrivar for regional utvikling</li><li>• Samordne og ivareta regionens interesser</li></ul> | <p><b>GLOBALE MEGATRENDER</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Digitalisering</li><li>• Det grønne skiftet</li></ul>        | <p><b>HOVUDMÅL:</b><br/>Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region</p> | <p><b>STRATEGI 2:</b><br/>Vidareutvikle Setesdalregionen som ein kompetanseregion</p>  |
|  | <p><b>VERDIAR FOR SAMARBEIDET</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tillit</li><li>• Openheit</li><li>• Nytenkande</li></ul> |   | <p><b>STRATEGI 3:</b><br/>Utvikle attraktive og livskraftige bygder</p>                |

vere representert blant dei faste styremedlemene.

På ekstraordinært representantskapsmøte 26.08.19 handsama representantskapet søknad frå Åseral kommune om medlemskap i Setesdal regionråd. Åseral kommune vart ny medlemskommune frå 1. september 2019.

I styremøte 18.12.19, sak PS 99/19, vart det vedteke å starte ein strategiutviklingsprosess. Forslag til ny samarbeidsavtale vart laga i samband med strategiprosessen. Ny samarbeidsavtale vart handsama i dei ein skilde kommunestyra etter handsaming i styre og representantskap i juni 2021. Strategien i eit nøtteskal:

Ny strategi vart vedteke 04.11.20, sak 78/20. Det vart også vedteke å organisere høveleg prosess på konkretisering av strategien, prioritering av målsetjingar og tiltaksplan. Hausten 2021 blei det gjennomført ein prosess

for å utvikle ein handlingsplan for strategien. Handlingsplanen for 2022–2025 består av seks hovudsatsingar (to per strategi) og aktivitetar for kvar hovudsatsing. Hovudsatsingane skal samla bidra til å spisse dei tre strategiane for Setesdal IPR. Dei skal bidra til å gje retning for utviklinga i regionen, og dei skal synleggjere regionens prioriteringar for dei neste fire åra. Setesdal IPR skal ha eigarskapet til hovudsatsinga, og vere drivkrafta bak. Ei hovudsatsing skal invitere til og bidra til regional samhandling, og mobilisere kommunar, organisasjonar og bedrifter til å delta for å nå måla i handlingsplanen.

For å lykkast med handlingsplanen, er det avgjerande at me lykkast med å få ekstern finansiering til aktivitetar me skal i gang med, samtidig som Setesdal IPR prioriterer aktivitetar i handlingsplanen i dei årlege budsjetta. Me skal også aktivt delta i relevante nettverk regionalt og nasjonalt.

## Handlingsplan 2022–2025

### Setesdal interkommunalt politisk råd

Vedteke i styremøte 15. desember 2021 [92/21] og lagt fram for representantskapet same dag



Setesdal interkommunalt politisk råd

Arbeidsgruppa for handlingsplanen har bestått av leiar, nestleiar og dagleg leiar saman med innleigd prosessrettleiar

Handlingsplan 2022 - 2025 vart vedteke i styre 15. desember 2021 og lagd fram for representantskapet same dag.

### FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med, og i medhald av, den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2021 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar med rammeløyving til regionalt næringsfond. Det er motteke ekstra ressursar frå Interreg Baltic Sea Region knytt til MARA-prosjektet, frå Innovasjon Noreg knytt til reisemålsutviklingsprosjektet «Kulturarvturisme i Setesdal» og frå Agder fylkeskommune til el-sykkelprosjektet.

### ARBEIDSMILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore skader på personell eller utstyr i 2021. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Verksemda er Miljøfyrtårnsertifisert, og gjekk i 2021 gjennom prosessen med resertifisering. Kvalitetssystemet Compilo er teke i bruk, og ein nyttar seg av dei same etiske retningslinjer som vertskommunen Valle har

### LIKESTILLING OG MANGFALD

Aktivitet knyta til likestillings- og diskrimineringslova skal omtales i årsmeldinga som en del av rapporteringsplikten Setesdal interkommunalt råd er pålagt. Med så få tilsette er det ikkje et område det er naudsynt å ha eigne planar til føremålet, men det er likevel viktige område som ein tilstreber god praksis på, til dømes ved tilsettingar.

Representantskapet i Setesdal IPR er sett saman av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakar-kommunane, 13 kvinner og 12 menn.

Styret i Setesdal IPR er sett saman av 2 politikarar frå kvar kommune og består ved utgangen av 2021 av 5 menn og 5 kvinner.

Ordførarutvalet i Setesdal IPR er sett saman av ordførarane i kvar kommune og består ved utgangen av 2021 av 4 menn og 1 kvinne.

Det er 3 tilsette –2 kvinner og 1 mann. Kommunedirektørutvalet fungerer som valkomité for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemdar. Der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.

### ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapan for 2021. Rekneskapan er førd i Valle kommune og revidert av Agder kommunerevisjon IKS. Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar, eller uvisse, når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapan for 2021.

Nye strykningsbestemmelsar gjer at ein ikkje stillar opp mindreforbruk i rekneskapet som tidlegare. Ein nemnar likevel at mindreforbruk før stryking er kr 255.489,-

Andre kommentarar:

Sum bevilgninger drift, netto: meirforbruk på kr 716.742. Posten er en samlepost som består av nettoen av en rekke konti. Avviket mot budsjett kan i hovudsak forklarast ut i frå følgjande:

Art 270 - Andre tenester: mindreforbruk på kr 277.352. Skuldast i hovudsak mindre innkjøp.

Art 470 - Overføring til andre: meirforbruk på kr 1,2 MNOK. Hovudforklaringa på avviket er ubudsjettet tilskot til Sherpasti på prosjekt 982 på kr 1 MNOK. I tillegg er det kostnadsført 0,585 MNOK mot budsjett på 0,292 MNOK på prosjekt 4006 - MARA.



Art 650 - Anna avgiftspliktig sal: meirinntekter på kr 207.920. Dette er knyta til prosjekt 739 - Visit Setesdal 2021.

Det var budsjettert med salsinntekter på 0,203 MNOK mot faktiske inntekter på 0,411 MNOK. Vidare er MVA-kompensasjonsinntekt og utgift ubudsjettert. Me har vald å ikkje å budsjettere med moms, sidan det ikkje vil ha ein resultatmesseg effekt og det er vanskeleg å budsjettere på da det avhenger av aktiviteten gjennom året. Dette har ført til eit budsjettavvik på refusjonar.

Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond: meirforbruk på kr 970.963. Dette er også en samlepost, som består av bruk og avsetning til bundne fond. Bruk og avsetning til bundne fond føres etter formålet, og ikkje budsjett.

Postane som avviker i år er imidlertid bruk av fond knyta til prosjekt 1001 - Helsesøsterutdanning på

0,605 MNOK som er ubudsjettert, men basert på prosjektrekneskap, sluttrapport og revisjonsuttale, samt 0,427 MNOK som er knyta til omklassifisering av SGOS – midlar fra bundne til frie fond.

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt.

#### SAKSOMFANG

Setesdal interkommunalt politisk råd handsama i 2021 93 politiske saker og det vart lagt fram 41 referatsaker. Det vart fatta 25 delegerte vedtak frå administrasjonen. Rådet hadde 7 styremøte, 2 representantskapsmøte og 8 møte i ordførarutvalet. På grunn av Covid-19 vart fleire møte gjennomført digitalt.

I tillegg til å gje ordinære høyringsuttalar, engasjerte Setesdal IPR seg i fleire saker med regional betydning; til dømes trong for regional plan for Setesdal.

#### GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 22.06.22 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf. styresak PS .../22



Steinar Kyrvestad, AP,  
ordfører og styreleiar



Margit Dale,  
SP



Jon Rolf Næss, AP,  
ordfører



Tone Lise Avdal,  
V



Sigbjørn Åge Fossdal, AP,  
AP, ordfører og nestleiar



Anne Eikerapen,  
H



Svein Arne Haugen,  
AP, ordfører



Britt Ingrid Andersen,  
AP



Inger Lise Lund Stulien,  
AP, ordfører




Jan Arild Bjørndal,  
Ap

HOVUDMÅL:

LEVANDE OG  
INKLUDERANDE  
LOKALSAMFUNN  
I EIN VEKST-  
OG BEREKRAFTIG  
REGION





# ORGANISASJON

## REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvar av dei fem samarbeidskommunane er representantskap for Setesdal interkommunalt politiske råd. For perioden 2019/2021 vart Jon Rolf Næss vald til leiar og Inger Lise Lund Stulien vart vald til nestleiar.

For kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i representantskapet desse:

- Bykle kommune: Jon Rolf Næss, Tone Lise Avdal, Kay Jeiskelid, Anne Karin Blix Grimestad, Kari Nomeland-Strømsøe
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad, Liv Tanche-Larsen, Knut Hagen, Georg Sørmo, Margit Dale

- Bygland kommune: Sigbjørn Åge Fossdal, May Britt Stenjør, Anette Skarshaug Skeie, Olav Neset, Signe Berit Sollien Haugå
- Evje og Hornnes kommune: Svein Arne Haugen, Britt Ingrid Andersen, Finn Bjørn Rørvik, Morten K. Haraldstad, Torhild Hornnes
- Åseral kommune: Inger Lise Lund Stulien, Jan Arild Bjørndal, Gro Boge Aasheim, Eirin Åsland Goksem, Jan Stangvik

Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett. Kommunedirektørane møter med møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett.

## STYRE

For perioden 2019/2021 vart Steinar Kyrvestad vald til styreleiar og Sigbjørn Åge Fossdal nestleiar.

For kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i styret desse:

- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss og Tone Lise Avdal
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad og Margit Dale
- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal og Anne Eikerapen
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen og Britt Ingrid Andersen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien og Jan Arild Bjørndal

## OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT

### Agder fylkeskommune:

- Fylkesordfører Arne Thomassen og opposisjonsleiar Gro Bråten
- For fylkesrådmannen har Kristin Tofte Andresen, fylkesdirektør næring, kultur og kulturminnevern møtt

## KOMMUNEDIREKTØRANE I DEI SAMARBEIDANDE KOMMUNANE:

- Aud Sunniva Fuhr–Valle
- Frantz Are Nilsen–Evje og Hornnes
- John Salve Sigridnes–Bygland
- Karina Sloth Grindland–Bykle
- Astrid Marie Engelid (konst.)/  
Dagne Ropstad (konst.)–Åseral

## ORDFØRARUTVAL

Ordførerutvalet er eit nytt utval i Setesdal IPR. Utvalet er oppretta for å styrke styret, det regionale samarbeidet og fremme regionens interesser, og har inga vedtaksmynde. Ordførerutvalet består av ordføraren i dei deltakande kommunane og vel sjølv leiar for to år om gongen. Leiarfunksjonen følger styreleiarfunksjonen.

Ordførerutvalet har møte ein gong i månaden, og hadde sitt første møte i mars 2021.

Dagleg leiar koordinerer og skriv referat.

- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad, leiar
- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss
- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien

## ADMINISTRASJON – KONTOR

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. Rita Hansen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Roy Bakke er tilsett i 50 % prosjektstilling frå 1. januar og Birgit Homme Harstad i 60 % prosjektstilling.

Setesdal interkommunalt politisk råd kjøpar tenester frå Valle kommune, og har tilknytt ei stilling i omlag 40 %. Marie Pedersen og Gunn Marith Homme har veksla på denne rolla i 2021. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, og kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester. Setesdal interkommunalt politiske råd har temporære tenestekjøp i samband arbeidet i Visit Setesdal, med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling og prosjekt mv.

Agder Kommunerevisjon IKS er revisor for Setesdal interkommunalt politisk råd.

## KOMMUNEDIREKTØRUTVALET

Kommunedirektørutvalet drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker, i tillegg til anna administrativ samordning mellom kommunane. Kommunedirektøren i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Dagleg leiar i Setesdal IPR deltek i saker av regional karakter. Interkommunalt samarbeid er særleg ivaretekne gjennom kommunedirektørutvalet si oppfølging av IKS-verksemdene.





Digitalt styremøte



# REGIONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING

Ein har etablert gode arena for samarbeid og dialog både politisk og administrativt.

Agder fylkeskommune ved fylkesordfører, opposisjonsleiar og fylkesrådmann møter fast på styremøte og held styret orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen medverka med midlar til regionalt næringsfond, samt avsetningar til Rv 9-utbygginga. Fylkeskommunen hjelper regionen mykje i oppfølging av mellom anna Rv 9-utbygginga.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Setesdal IPR er representert i fleire arena og møtepunkt i høve oppfølging av planen.

I samband med Regional planstrategi Agder har ein vore sterkt opptatt av at det skal lagast Regionplan Setesdal på line med Lister sin, og det har vore eit sterkt engasjement frå politisk hald i Setesdal IPR. Agder fylkesting vedtok gjennom regional planstrategi for Agder at det utarbeidast en regional plan for Setesdal - dersom kommunane ønsker det. Styret i Setesdal IPR har bekrefta både at ein ønsker ei slik plan, og gitt signal om at ein er opptatt av å kome i gong så raskt som mogeleg.

Regionalt samarbeid er viktig, og Østre Agder IPR, Lister IPR og Setesdal IPR har etablert gode, faste møtepunkt. Frå slutten av 2021 vart også samarbeidet i Region Kristiansand med på dei faste møtepunktta.

Samarbeidet med Universitetet i Agder har utvikla seg gjennom 2021. Sjølv om ein ikkje lykkas med å sette i gang med desentralisert sjukepleiarutdanning frå hausten 2021, har ein fått betre basis for samarbeid i åra som kjem.

Samhandling utover Agder er (og) viktig, og 19. oktober hadde Setesdal IPR felles møte med Vest-Telemarkrådet. Kvelden før var Vest-Telemarkrådet vertskap for felles middag på Sølvgarden. Ein fekk godt å få høve til å bli betre kjent, og me fekk gode diskusjonar kring felles utfordringar. Ordførarane presenterte sin kommune med særleg fokus på næringsliv og -utvikling, og våre to råd presenterte sine arbeidsfelt.

Det vart også innleiingar og drøfting av desse temaene:

- Suleskarvegen v/Jarand Felland regionordfører i Vest-Telemark og ordfører i Tokke
- Tilgang på kraft/konsesjonskraft lokalt v/Erik Skjervagen, ordfører i Fyresdal
- Arealpolitikk v/Steinar Kyrvestad, styreleiar
- Småbruksprosjektet v/ Johannes Rindal, utviklingsleiar i Vest-Telemarkrådet



Fellesmøte med Vest-Telemarkrådet



# MARKNADSFØRE OG UTVIKLE SETESDAL SOM REISELIVSDESTINASJON

Hovudarbeidet er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som reiselivsdestinasjon og merkevare. Setesdal er merka som berekraftig reisemål.

Sjølve Visit Setesdal er organisert med eit interimstyre, der dagleg leiar deltek. Prosessen med å lande ein eigna, permanent organisasjonsform pågår og vil fortsette våren 2022.

Visit Setesdal avslutta en langvarig tenestekjøpsavtale med Destinasjon Hovden 31.12.2020, og frå 1. januar 2021 blei Roy Bakke tilsett i en 50% prosjektstilling.

Fokus til reiselivssatsing i 2021 har vært å marknadsføre Setesdal som en heilårsdestinasjon, prosjekter og prosjektleiing, samt oppretthalde kontakt med partnerverksemdar og verve nye. Til tross for at Noreg var stengt ned i periodar grunna pandemien, er det gjort et godt stykke arbeid med å sette Setesdal på kartet i Norge. Dette ble gjort gjennom SoMe som Facebook, google, Youtube mm. Ein må likevel presisere at reiselivsbedriftene periodevis har hatt det tungt.

For første gang hadde vi en stor vintermarknadsføring. Ved hjelp av tilskott frå Agder fylkeskommune blei det produsert marknadsføringsmateriell og satt i gong vintermarknadsføring av regionen.

Målet med kampanjen var å sette lys på gode vinterforhold og mogelegheiter i regionen. Sommarmarknadsføring ble kjørt med demografisk område fra Bergen – Østlandet og kysten rundt.

Setesdalguiden ble produsert, men på grunn av pandemien ble den i første omgang berre trykka i norsk og engelsk språkdrakt. Då nyheita om ny fergeforbindelse mellom Nederland og Kristiansand blei kjend, blei guiden likevel også produsert på dansk/nederlandsk for bruk i 2022.

Setesdal.com er framleis en av de mest brukte nettstader på Sørlandet, og det er viktig å oppretthalde trykket på publisering slik at ein presenterer dagsaktuelle ting, er informativ og lett å finne fram i. Fotograf Erik Ruud blei engasjert for å oppdatere bildedatabasen vår på Setesdal.com.

Prosjekter som RISS, Sykkel i Setesdal og re-merking av regionen som berekraftig reisemål jobbast det vidare med, sjølv om det i nokre av prosjekta har vore vanskeleg å halde ønska framdrift som følge av pandemien.

Gjennom hausten 2021 har Setesdal IPR jobba med ny strategi og Visit Setesdal skal etablerast som eige AS. Det er viktig at kommunane og næringen står saman om å marknadsføre og utvikle Setesdal som ein merkevare og til en heilårs turistdestinasjon. På den måten vil Setesdal bli en attraktiv region som folk vil besøke, bedrifter vil kunne utvikle sine produkt og vi vil kunne framstå som en region kor det er flott å leve og jobbe i.

## RISS-PROSJEKTET KULTURARVTURISME I SETESDAL

Hovudmålet med RISS-prosjektet er å utvikle eit sett med produktkonsept og historier som posisjonerer regionen som ei unik, berekraftig reiselivsdestinasjon innanfor kulturarvturisme og opplevingar. Setesdal interkommunalt politisk råd er prosjekteigar, og har etablert både prosjekt- og styringsgruppe kor ein rekke forskjellige aktørar og ressurspersonar deltek. Prosjektet starta i 2020 og er finansiert med midlar frå Innovasjon

Noreg og Setesdal interkommunalt politisk råd. Egde Consulting er vald til å gjennomføre tenestedesign-delen av prosjektet.

Prosjektets fase 2, 3 og 4 er gjennomført i løpet av 2021. På grunn av pandemien og endring i prosjektleiarrollen har prosjektet hatt noko forsinka framdrift.

Året starta med en digital workshop 14. januar med 26 deltakarar. Her ble det jobba i gruppearbeid for å utarbeide fortellingar som danner grunnlaget for å lage 4 kjernefortellingar. Kjernefortellingane er utleda til å være tre definerte konsept som det ble arbeidet vidare med:

- Folkemusikkens vugge
- En dal full av opplevelser
- En unik reise tilbake i tid

I workshop 25. og 26. mai ble det jobba med vidareutvikling av dei tre konseptane for å finne fram til nokre minimumsløysingar som posisjonerer Setesdal som en unik, berekraftig reiselivsdestinasjon. Ut frå omsyn til målgrupper, eksisterande aktørar og moglege framtidige aktørar blei det til saman foreslått fleire minimumsløysingar. Prosjektgruppa jobba fram en forretningsmodell for fire av minimumsløysingane:

- Folkemusikkvandring
- Kulturpatrulja
- Cruise med Bjoren
- Reiårsfossen

Vidare arbeid er å samle aktørane for å definere korleis historiene skal møte kundane. Tiltak for å setja i verk minimumsløysingar må no defineras, og disse skal prøves ut i en vonleg tilnærma normal sesong i 2022.



Viktig å marknadsføre oss

# VIDAREUTVIKLE SETESDALSREGIONEN SOM EIN KOMPETANSEREGION

I saman med fylkeskommunen skipa Setesdal Interkommunalt politisk råd til fleire gründerkurs i 2021, med godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.

Agder fylkeskommune, Østre Agder IPR, Lister IPR og Setesdal IPR deltek i det tre-årige prosjektet «Kompetansepilot Agder – mobilisering til kompetanseheving i distriktene» som starta opp i 2021. Dagleg leiar deltek i prosjektstyret og prosjektgruppa. Det er høg aktivitet i prosjektet.

Samarbeidet med UiA involverer ofte dei tre regionane Østre Agder, Lister og Setesdal. Sjølv om regionane er ulike med omsyn til innbyggjarar og geografi, er det god læring og erfaringsdeling i samhandlinga.

I handlingsplanen er det fleire konkret tiltak ein skal jobbe med i åra som kjem, og det er trong for ein dedikert personellressurs som kan arbeide med denne satsinga. Undervegs i prosessen med å utarbeide handlingsplanen fekk Setesdal IPR forståing for behovet frå politisk leing hjå Agder fylkeskommune. Hausten 2021 vart det jobba politisk med å få til eit spleiselag mellom Agder fylkeskommune og Setesdal IPR, noko som resulterte i at båe innarbeida midlar til ein personellressurs i sine budsjett for 2022.







# UTVIKLE ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE BYGDER

## INFRASTRUKTUR

Rv 9 er med i framlegg til Nasjonal transportplan (2022–2033) sin første periode med strekninga Byklestøylane–Hartevatn, med eit framlegg på kr 500,- mill. Dette er ei delstrekning på 18 km. I planane er strekninga delt i tre prosjekter.

Strekninga Besteland–Helle vart offisielt opna 2. desember 2021. Tidlegare stortingsrepresentant og mangeårig støttespelar Hans Fredrik Grøvan klypte snora saman med styreleiar, fylkesordførar Arne Thomassen, byggjeleiar for Bjelland AS, Tor Helge Jensen, og prosjektleiaren for Statens vegvesen, Håvard Sandkjær Fjærbu, deltok også på

snorklyppinga. Det er tradisjon for godt oppmøte og stor stemning når vegstrekningar vert opna i regionen – denne opninga var inga unntak, tvert i mot!

Byggearbeidet for neste strekning, Rotemo – Lunden, er godt i gang og strekninga gjennom Frøysnes håper me finn si løysing i rulleringa av arealdelen i kommuneplanen i Bygland.

Statens Vegvesen har vidare ei rekkje pågåande og planlagde såkalla TS tiltak (trafikktryggleikstiltak) langs Rv 9, og rasteplassane vart stadig betre og meir tiltrekkande.

Frå vegopninga







Frå vegopninga

## UNGDOMSRÅD

I samband med hovudstrategien utvikle attraktive og livskraftige bygder blei ungdommane og ungdomsråda løfta fram som viktige stemmer. I 2017 vart det planar i Setesdal IPR om å etablere eit regionalt ungdomsråd, men det har av ulike årsaker ikkje vært fungerande fram til no.

Arbeidet blei tatt opp igjen hausten 2021, og ein har innleiate møte med koordinatorene for ungdomsråda i våre 5 kommunar. Agder fylkeskommune deltek med informasjon om fylkeskommunens ungdomsråd og generell veiledning. Agder fylkeskommune har også orientert om moglegheita for deltaking i eit ungdomsmedverknadsprosjekt i regi av Erasmus+. Planen er å få til ei fysisk samling for alle ungdomsråda, truleg på vårparten 2022, med både fagleg og sosialt innhald. Etter kvart vil ein ta tak i jobben med å lage vedtekter for eit regionalt ungdomsråd.

## ARRANGEMENT

Setesdal interkommunalt politisk råd si støtteordning for arrangementsutvikling starta opp i 2019, og vart vidareført årleg. Gode arrangement skapar trivsel, samarbeid og utvikling, og er positive for fastbuande, besøkande og for lokalt næringsliv. Føremålet med ordninga er auka verdiskaping i regionen. Covid-19 pandemien fekk naturleg nok stor innverknad for arrangement, men fleire skalerte ned og korona-tilpassa planane sine. Støtteordninga har utvikla seg til ein populær ordning, og det kjem inn mange søknader som totalt søker om langt meir midlar enn Setesdal IPR har avsett i budsjettet til føremålet.

### Desse fekk støtte i 2021:

|  |           |
|--|-----------|
| Dølen konsertserie,                      |           |
| Else Haugland/Terrassejazz               | 25 000,00 |
| Kulturne, Inger Lise Stulien             | 25 000,00 |
| Villmarksfestivalen Høyt og Vilt         | 15 000,00 |
| Bykledagene, v/Bykle næringslag          | 20 000,00 |
| Ljådagane, v/Stephen Dutton, Eikerapen   | 15 000,00 |
| Bortelid fjellpark, Bortelid høstmarked  | 20 000,00 |
| Stiftelsen Sesilåmi, Sesilåmi            | 20 000,00 |
| Bygland dramatiske selskap,              |           |
| ”Det meste er sant”                      | 7 500,00  |
| Kong Hanes eftf. Stjernesludd            | 7 500,00  |
| Eikerapen gjestegard drift, Jul på låven | 15 000,00 |
| Brokke AS, Haust                         | 20 000,00 |
| Bykle og Valle kunstlagm                 |           |
| Setesdal i biletkunsten                  | 10 000,00 |



## NÆRING

Næringsarbeidet i avgrensa betydning omfattar i hovudsak handsaming av regionalt næringsfond og løyvingar finansiert gjennom budsjettamma. Likevel er det slik at hovudsatsingane våre meir implisitt også er næringsretta, noko som særskild gjeld for satsinga på å marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon.

I samarbeidsavtalen som danner grunnlag for Setesdal IPR er det eksplisitt nemnd at ein skal forvalte regionalt næringsfond gjennom egne vedtekter vedteke av styret på ein slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane. I november 2020 vart det sett i gong ein prosess med å lage egne vedtekter for regionalt næringsfond og samtidig rigge Setesdal næringsforum som eit formalisert, fagleg nettverk. Arbeidet resulterte i styrehandsaming av vedtekter for regionalt næringsfond Setesdal 22. september 2021, sak PS 68/21. Vedtektene står direkte opp om Setesdal IPR sin strategi og handlingsplan.

Ein fekk også formalisert Setesdal næringsforum som fagleg nettverk med eiga mandat, som kommunedirektørutvalet gav sin tilslutning til. Det vil bli ei eiga prosess med å sjå på saker som gjeld nydyrking/mjølkekvoter, som ein fram til no har handsama i medhald av etablert praksis.

Setesdal interkommunalt politisk råd deltek i Næringsalliansen Agder, i lag med omlag 9 andre aktørar. samle alle næringsforeiningane i fylket i ein felles allianse, med mål om å knyte næringslivet i regionen tettare saman. Alliansen samlast med jamne mellomrom for fagleg påfyll, dialog og informasjonsutveksling, og hausten 2021 vart samlinga lagt til Eikerapen Gjestegard.

### NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND

Fylkeskommunen løyvde kr 700 000 frå midlane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for 2021. Dei overordna føringane for fondet er slik:

- fleire gode gründerar eller auka nyskaping
  - nye arbeidsplassar eller auka sysselsetting
  - fleire vekstkraftige verksemder, auka omsetning, lønsemd, auka verdiskaping
  - auka konkurransekraft, produktivitetsforbetringar
  - fleire innovative næringsmiljø, eller meir innovative næringsmiljø
  - kompetanseutvikling, eller auka tilgang på relevant kompetanse
  - auka samarbeid mellom verksemder, eller med FoU-miljø
  - omstilling av Sørlandet til lågutsleppssamfunnet
  - internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
  - likestilling, inkludering og mangfald
  - auka omstillingsevne, eller auka innovasjonsevne
- Setesdal IPR løyvde tilsvarande beløp til regionalt næringsfond som Agder fylkeskommune.

**Løyvingar ansvar 5300:**

|   |         |
|---|---------|
| UiA Pop-up Campus i Setesdal                          | 10 000  |
| Brokkestøylen   | 20 000  |
| Dølen hotel - vidareutvikling av uteområdet           | 80 000  |
| Kallhovd Sveis - produktutvikling                     | 100 000 |
| Gruva Opplevelser                                     | 100 000 |
| Grunderhus Bykle, Coworx Hovden                       | 100 000 |
| Austustog gardsdrift, nydyrking                       | 24 000  |
| Vittali Industriservice AS, ISO-sertifisering         | 150 000 |
| Lykke klinikk AS                                      | 75 000  |
| HK Service - Knut Olav Homme                          | 90 000  |
| Setesdalsylv AS / Hasla AS                            | 10 000  |
| Kulturskolerådet, avd Agder                           | 29 000  |
| Evje folkehøyskole, prosjekt sommerdrift              | 90 000  |
| Valle bil og maskin AS, bedriftsretta/etablererstøtte | 50 000  |
| Roar Støbet Lande, nydyrking, gnr 51 bnr 1, Lauvdal   | 24 000  |
| Marit Taksdal, nydyrking, gnr 3 bnr 2, Bygland        | 49 000  |
| Verkstedet Hornnes,                                   | 130 000 |
| Nesmoen   | 100 000 |
| Happy hundesenter                                     | 50 000  |

**Løyvingar ansvar 5000:**

|  |         |
|--|---------|
| BIGWIG, pilotfilm barnetv              | 75000   |
| Mediaservice, forprosjekt "Arvesølv"   | 75000   |
| Landeskogen - mulighetsstudie          | 100 000 |
| MAF - digital informasjon sykkelrute 3 | 20 000  |

Fra og med 2022 vil ein publisere oversikt over løyvingar på Setesdal IPR sin nettside, under menypunktet næring.





# SETESDALSKONFERANSEN

Setesdalskonferansen er meint å vere ein arena for inspirasjon og ein møteplass for leiarar i private bedrifter og i det offentlege. Som følge av Covid-19 pandemien og konsekvensane av naudsynte smittevernrestriksjonar vart det ikkje skipa til Setesdalskonferanse i 2020, men i 2021 var me endeleg i gong igjen. Ein konferansekomité med representantar frå det private næringsliv og NHO-Agder vart etablert, og det vart inngått avtale med konferansier. Komitéen hadde dei fleste møta digitalt, noko som viste seg å vera ein effektiv og praktisk arbeidsform i ein travel kvardag.

Sjølv om me var trufaste til grunnidéen for Setesdalskonferansen, gjorde me ein rekkje endringar og fornya konseptet. Konferansekomitéen evaluerte konferansen, og sjølv om ein vil justere nokre punkt vil ein bygge vidare på hovudtrekka i konseptet. Me fekk også på plass gode, tidsriktige løysningar for påmelding, betaling, informasjon osv, som me vil me nyte godt av i åra som kjem.



Setesdalskonferansen gjekk av stabelen 4. november 2021. Sjølve konferansen var i Evjemoen kino & scene, og festmiddagen på Revsnes Hotell.

Vinnar av Setesdalsprisen 2021 var Bortelid utmarkslag. Stortingsrepresentant Anja Ninasdotter Abusland (SP) delte ut prisen og syna til denne grunngevinga:

Anja Ninasdotter Abusland, SP og Ruben Bortelid representerte Bortelid utmarkslag.





*Setesdalsprisen gis til en person eller virksomhet som over tid har bidratt til verdiskaping og positive ringvirkninger i Setesdal. Altså til en virksomhet, eller en person som bidrar til vekst og utvikling, og som er viktig for regionen.*

*Årets Setesdalspris går til en «institusjon» som ble etablert helt tilbake i 1972. Da var det flere grunneiere som fant sammen og la grunnlaget for både vekst og utvikling. Og sannelig har det ikke blitt vekst og utvikling! Fra en sped begynnelse har de utviklet en omfattende virksomhet.*

*Virksomheten gir alene grunnlag for ca. 10 årsverk fordelt på egne ansatte og innleid arbeidskraft. Samtidig gis det rom for at mange andre kan drive lønnsom forretningsvirksomhet i området. De bidrar i lokalmiljøet, og legger til rette for mange ulike aktiviteter gjennom året – aktiviteter som mange har glede av. I oktober hvert år arrangerer de sin egen «marknad» også.*

*Ja, noen har kanskje allerede gjette det – vi snakker om Bortelidmarknaden. Årets pris går selvfølgelig til Bortelid Utmarkslag.*

*Lagets uttalte hovedmål er at Bortelid skal være et reisemål med høy trivsel, kvalitet og bærekraft. Og sin egen rolle har de definert til å være et overordnet selskap som sitter i førersetet for utvikling av Bortelid. Laget består av:*

*Trond Egil Åknes, Alexander Skeibrok, Thor Kjell Kaddeberg, Bortelid Gård. Åknes Skog, Knut Repstad og Ruben Bortelid, som deltok i sofasamtalen tidligere i dag*

*Det er 7 grunneiere som sammen disponerer 27 000 dekar. Bortelid har i dag mer enn 1400 hytter og leiligheter, campingplass, dagligvarebutikk, skisenter med 5 trekk, skistadion med fellesanlegg for langrenn og skiskyting.*

*Utmarkslaget arbeider nå aktivt for at virksomheten skal ha så lite miljøavtrykk som mulig. Laget er sentralt i prosjektene Elektriske Bortelid og Klimapositivt hytteliv på Berge. Elektrifisering av Bortelid er et eget punkt i handlingsplanen til Regionplan Agder 2030.*

*Bortelid Utmarkslag har sett muligheter og potensial. Og de gjør noe med det. Sammen. Vi gratulerer og ønsker lykke til videre!*

# EIGARSKAP

Setesdal interkommunalt politisk råd har hatt ein eigarpost i L/L Setesdal bilruter, det same har fleire av kommunane våre. I 2021 selde Setesdal IPR sine lutar til tilsette i verksemda. Bakrunnen for salet var ein førespurnad frå dei tilsett i verksemda, og saka vart handsama i styret 11. juni 2021, sak PS 35/21. Salet vart omfatta av ein føresetnad om forkjøpsrett. Setesdal interkommunalt politisk råd har ved utgangen av 2021 eigarposter i 2 forskjellige verksemdar slik:

Gjennom 2021 følgde Setesdal IPR opp eigaransvaret sitt i Evjeklinikken Holding AS til dels aktivt. Styret i Setesdal IPR har ved fleire høve uttrykt at ein på sikt ønsker å selje seg ut av

verksemda, noko ein vil arbeide vidare med i 2022. Eigarposten i Destinasjon Hovden AS har ikkje medført særskild oppfølging gjennom 2021. Sal av eigarposter medfører auka inntekt for Setesdal IPR. Sjølv om både kjøp av aksjepostar, deltaking i emisjonar osv gjerne har vore gjennomført med midlar henta frå disponible fond, kan ein ikkje regnskapsføre inntektene frå sal til disposisjonsfond. Regnskapslova gjer at slike inntekter må føres i investeringsregnskapet, noko som sterkt avgrensar Setesdal IPR sine mogelegheiter til fritt å kunne disponere midlane til prioriterte satsingsområde.

## Setesdal bilrutesal

| Setesdal Interkommunalt Politisk Råd <small>Org nr 981 543 556</small>   |                 |                             |         |
|--|-----------------|-----------------------------|---------|
| AKSJEPOSTER OG EIERE   |                 | INDIREKTE EIERSKAP OG EIERE |         |
| <b>Aksjeposter (2)</b>   |                 |                             |         |
| Navn   | Aksjetype       | Ant aksjer                  | Andel ▲ |
|  Evjeklinikken Holding AS<br>Org nr 820 827 732 | Ordinære aksjer | 9086                        | 13,715% |
|  Destinasjon Hovden AS<br>Org nr 937 024 479    | Ordinære aksjer | 6                           | 1,176%  |



Styreleiar Steinar Kyrvestad, dagleg leiar Rita Hansen og representant frå dei tilsette Kjetil Omnes.

# INTERKOMMUNALT SAMARBEID

## REGIONALT POLITIRÅD

Mellom anna som følge av tilsetting av ny politimester i Agder og den pågåande pandemien, vart det bestemt å skipa til regionalt politiråd først i februar 2022

## TEMAMØTE OM KRYPSIV

15. november inviterte Setesdal IPR og Otteraaens Brugseierforening til temamøte om krypsiv på Ejevmoen kino & scene. Målet var å få eit betre kompetansegrunnlag om denne vassplanten som er eit av dei største utfordringane for miljøet i vassdraget, og samle alle som er interessert i problematikken til dialog, erfaringsutveksling og diskusjon. Seminaret var ved Stein Erik Stinessen og Christi Erichsen Hurlen, LVK, og det var godt oppmøte.

Temamøte om krypsiv



# PROSJEKT

## PROSJEKT – MARA (MOBILITY AND ACCESSABILITY IN RURAL AREAS)/SETESDAL E-BIKE

Setesdal interkommunal politisk råd er deltakar i EUs Interreg program MARA. Hensikta med programmet er å belyse dagens utfordringar i forhold til mobilitet og tilgjengelegheit i rurale strøk, vise til moglege endringar av dagens situasjon og vurdere nye innovative løysingar. Programmet hadde oppstart i januar 2019 og vert avslutta i 2021.

Partnarmøter har vært digitale, og det er gjennomført mange digitale møter med forskjellige interessentar for å forankre prosjekta så godt som mogeleg og for å sikre vidare utvikling av prosjektet. Planlagde partnarmøte og andre kompetansehevande seminar har blitt avlyst grunna pandemien, det same gjeld partnarmøte som skulle ha vore arrangert i Setesdal.

I 2020 blei det utarbeida ein beskriving av korleis eit pilotprosjekt for bruk av el-syklar kan implementerast i regionen vår. Sjølv om det ikkje er mogleg å nytte prosjektmiddel frå Interreg til fysiske investeringar er det sterkt ønske om at arbeidet skal munne ut i ein konkret satsning, ikkje «berre» i ein rapport.

Torsdag 30. september vart el-sykkelsystemet Setesdal E-bike offisielt opna, og det er no utplassert 30 elsyklar i kommunane Valle, Bygland og på Evje og Hornnes, fordelt på sju stasjonar.

Syklane er knytt saman i eit digitalt nettverk og skal kunne brukast både av innbyggjarar og tilreisande. Syklane er gode og sterke bygdesyklar med god rekkevidde. Nettverket er levert av selskapet Sharebike AS som har utvikla en mobilapp og eit låsesystem som nyttast for å hente ut og levere inn syklane på de 7 stasjonane.

Prosjektet er gjennomført som eit samarbeid mellom kommunane og Setesdal Interkommunalt politisk råd (SIPR) og er også ein del av MARA-prosjektet. Syklar og system er finansiert av Klimasats og Setesdal IPR, og kommunane har ansvar for drift og vedlikehald.

Etableringa av eit elsykkelsystem som dette er eit godt eksempel på samarbeid kommunane imellom. Mobilitet i vårt distrikt er viktig og det grønne skifte gjer at me må ta i bruk både teknologi og alternative transportmetoder. Eit elsykkelnettverk som dette vil gje innbyggjarane i kommunane ein god mogelegheit til å ta seg rundt på tettstadene eller andre utflukter i dalen på ein klimavennleg måte. At elsyklar vert tilgjengeleg for innbyggjarane gir også en mogelegheit for dei til å prøve korleis ein elsykkel fungerer, før dei eventuelt vel å skaffe seg ein slik sykkel sjølv.

For reiselivet i Setesdal betyr denne etableringa mykje. Den vil gi reiselivsbedrifter eit produkt som gir turistar nye mogelegheiter til å utforske vårt fantastiske reisemål og opplevinga ved å ferdast gjennom Setesdal på ein elsykkel er noko heilt anna enn i bilen. I 2022 vil ein jobbe for at tilbodet også blir tilgjengeleg i Bykle og Åseral kommune.











### SYKKEL I SETESDAL

Prosjektet har til hensikt å belyse og beskrive korleis reiselivsbedrifter kan ta i bruk Setesdal E-bike for å fremme Setesdal som et reisemål for sykkelentusiastar. Prosjektet skal ende opp i en forretningsplan som beskriver korleis reiselivet kan ta i bruk sykkel som attraksjonsfaktor og korleis reiselivsbedriftene kan delta i utviklinga. Prosjektet er støtta av Agder Fylkeskommune og det er 11 bedrifter som deltek i prosjektet.

Arbeidet med prosjektet tok til i februar 2021 med en digital samling for alle bedriftene som deltek. Pandemien har gjort det utfordrande for bedriftene å delta slik dei ønsker, og prosjektet er forlenga til oktober 2022.

Arbeid som står att er mellom anna å finne måtar å promotere el-sykkelsystemet for reiselivet, kva for modellar som må til for å få bedriftene til å delta i systemet og vidare ferdigstille forretningsplanen for dette prosjektet.









# INFORMASJON OG OPENHEIT




## PROSJEKT – MARA (MOBILITY AND ACCESSABILITY IN RURAL AREAS)/SETESDAL E-BIKE

Styremøta vart som hovudregel strøyma og kringkasta på radio. Valle radio står for det tekniske og praktiske, og opptak blir lagt ut på nettsida i etterkant. Møteinnkallingar og møteprotokoller fra styre- og representantskapsmøte vart publisert på Setesdal IPR sin innsynsløysning, medan referat frå møte i ordførarutvalet vert publisert på den ordinære nettsida. Frå 2022 vil ein publisere oversikt over løyvingar frå regionalt næringsfond på nettsida.

Som offentleg verksemd reknar ein nettsida som hovudkjelde til informasjon. Setesdal IPR er også til stades i sosiale media med eiga facebook-side. I tillegg til å nytta sosiale media som ein rein informasjonskanal, byggjar ein kjennskap til verksemda og regionen. Statistikk visar at fleire av postane som var publisert i 2021 nådde langt utover regionen vår. Av dei tre postane som nådde flest var to frå opninga av Besteland–Helle med hhv 11 700 og 6609, samt ein kor me syna til samleoversikta me har på nettsida vår som visar ledige stillingar med 7 100





VISJON

# SETESDAL ER AGDER SITT GRØNE HJARTE





# BALANSEREKNESKAP

|  | Note     | Regnskap<br>2021  | Regnskap<br>2020  |
|--|----------|-------------------|-------------------|
| <b>EIENDELER</b>                       |          |                   |                   |
| <b>A. Anleggsmidler</b>                |          | <b>5 585 961</b>  | <b>6 043 367</b>  |
| <b>I. Varige driftsmidler</b>          |          | <b>1 000 093</b>  | <b>1 250 116</b>  |
